



Terje Nordøy (lengst til høgre) frå Trelasten tek seg av det neste byggjesteget på Beinavikjo Brygge saman med Adam Eldi, Dmitri Tikks og Aare Lepp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har lenge vore det som kallast eit multinasjonalt samfunn. Det blir til fulle stadfesta av det faktum at det er snikkarar frå fire land i arbeid med to prosjekt akkurat no. Og det er flinke og effektive folk – arbeidet går raskt unna.

Det eine prosjektet er bygget til E&M Holding ved sida av det gamle samyrkelagsbygget, der Frode Bu har hatt to karar frå Krakow i Polen i gang i ein månads tid.

Held dei fram i det noverande tempoet vil bygget vera fullført relativt snart på nyåret.. Kven som skal inn i huset ynskjer ikkje Alf Eidsvik junior å opplysa om førebels fordi leigetagaren ikkje ynskjer det, men kontrakta er i orden.



Arbeidet med eit nytt bygg i Beinavikjo går raskt framover. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det andre prosjektet som utanlandsk arbeidskraft er i gang med er det høge, slanke huset med front mot Neset i Beinavikjo Brygge, som Geir Rusten vonar skal stå klart for innflytting i mai. Det låg eit karakteristisk sjøhus der tidlegare.

Terje Nordøy frå Trelasten er arbeidsleiar her og han har med seg Adam Eldi, opprinneleg frå Russland, og to frå Estland, som heiter Dmitri Tikks og Aare Lepp.

Av Ola Matti Mathisen



Det nye huset like ved elva er reist svært raskt og torsdag var leggjinga av takstein i gong.. (Foto: Ola Matti Mathisen)